

“Snakk maale dit bonde, og gjev inkje sonen din lov til aa knote

*Om seint me kjem, så er det med klem.
Me vil garden rydja.
Bondemål, kvast som stål, gjev ikkje lenger
tol.
Norsk mål vil me i Noreg hava,
ikkje lenger med dansken kava.
Bondemål, kvast som stål, gjev ikkje lenger
tol.*

*Blankt som gull. Og mjukt som ull
er det norske målet.
Som sol på fjell, som blome-tjeld, som fugle-
song om kveld.
Tusen års rot det hev i landet,
tusen år til så skal det stande.
Flaumen går, i Noreg er vår, og dølan' er det
som rår.*

Dette er 5. og 6. strofa i ”Flaumen går”, ”Dølavisa hans Ivar Mortensson, til ungdommen i Alvdalen”, som det står på første sida av den trykte songen. – ”Målstrofene” kunne dei kallast. ”Dølavisa” vart da òg mesta som eit programdikt for målrørsla.

Her kjem det fram kva Ivar Mortensson ville, og grunngevinga for målprogrammet hans. I 6. strofa gjev han eit så poetisk bilde av det norske språket at ein kan bli reint rørt. Men det er altså ikkje berre historiske og estetiske

grunnar til at vi vil ha norsk mål i Noreg. Først kjem han med den politiske årsaka: *Dansken skal ut! Norsk mål har funtest i Noreg i tusen år, og slik skal det vera i tusen til.*

Dette er på sett og vis målsynet til Ivar Mortensson i eit nøtteskal. Korleis hadde han kome fram til dette synet? Og korleis meinte han at skriftspråket skulle sjå ut? Korleis brukte han det sjølv?

Bakgrunnen for målsynet åt Ivar Mortensson og standpunktet hans til språkspørsmåla i samtida kan vi først sjå etter i heimemiljøet og oppveksten hans. Han vart fødd inn i bondestanden, med handelsmannsslekt på morsida og solid og trygg økonomi i ryggen. Klaus Langen, som skreiv magisteravhandlinga si om Ivar Mortensson Egnund i 1951, og sia omarbeidde stoffet til ein biografi for folk flest, skriv at jamført med Aasen, Vinje og Garborg, så hadde Mortensson mindre motgang og strev i barndom og oppvekst. Føresetnaden hans gjorde han heilare og tryggare enn dei, for den gode barndoms- og ungdomstida var til vinning for han.

Truleg gjorde denne bakgrunnen han meir uthaldande i stormkasta. Da stridane i 1880-åra for eksempel tok

motet frå Garborg, fann Ivar Mortensson noe å leva for og tru på. *"Han er kan hende den einaste av diktarane frå denne tidbolken som ikkje fekk ideane sine oppbrende i 90-årselden,"* skriv Langen. Ivar Mortensson fullførte i 1931, tre år før han døydde, diktemne som han hadde leika med alt i 1890-åra.

Ivar Mortensson vaks opp i ein heim med tiltaksame og framgangsrike menneske rundt seg. Faren, Morten Mortenssen, hadde ein finger med i mangt og mye av samfunnslivet i Nord-Østerdalen. Han hadde makt og posisjon, og var jamvel stortingsmann frå 1868 til 1885. På tinget tala han norske bønder si sak.

Det er vorte hevda at han etter kvart vart å rekne for ein *"god venstremann"*, etter ein meir konservativ start. Det politiske synet hans er sagt å vera forma av *"jaabæksk anarkisme"* og religiøs haugianisme. *"Både kom frå det gamle bygdenorske samfunnet, og både førde fram til Krapotkin-anarkismen,"* skriv Langen. Lina her må da gå frå Søren Jaabæk sin systematiske motstand mot stormannsvelde og over til Krapotkin, som såg fram mot eit samfunn der staten og klassesamfunnet var avskaffa gjennom revolusjon.

Fordi Morten Mortenssen kom til å møte årleg på stortinget, flytta heile huslyden med han til hovudstaden i 1873. Dei leigde seg inn i ein heim der opposisjonspolitikarar møttest. Det er derfor grunn til å tru at ungguten Ivar her fekk ei slags innføring i det å ta til motmæle og å vera i opposisjon. Kan-skje lærde han noe da som kom fram att sia i livet? Iallfall hamna han i motkulturelt selskap stadig vekk. Da han vart vaksen, kom han etter kvart til å

stifte kjennskap med den kulturelle bondefylkinga kring Det norske Samlaget og *"Fedraheimen"*, som både var *"motstraums"*.

Bakgrunnen til Ivar Mortensson i det nokså klasselause og relativt jamstilte bondesamfunnet i Nord-Østerdalen, der tankane og ideala til Hans Nielsen Hauge var utbreidde, er altså ein viktig føresetnad for utviklinga hans og standpunkt han kom til å ta.

Ein annan viktig føresetnad er miljøet han hamna i, i Kristiania. Der fekk han bryne seg som skulegut frå 11-årsalderen, da han byrja på Aars og Voss skule. Han stakk seg ut i samvær med bygutane, ikkje minst språkleg. No var han nok ikkje vant med å bli sett ned på eller flira åt for den han var, og medvitet om eigen bakgrunn, kvar han kom frå og hørte til, utvikla seg temmeleg fort. Han kjende seg som bondegut, både i mål og bunad, skriv Langen.

Og på skulen kom han i opposisjon til dansk-norsken. Han våga til og med skinnet sitt på ein tentamen, og skreiv ein stil utanom oppgåva, berre for å få med noe om programmet til folkehøgskulemannen Christoffer Bruun. Ivar Mortensson kjende seg som bondestudent: *"Skjønt jeg har været mange år i Byen"*, skreiv han i 1880, *"er jeg ikke som andre."* (Langen s.15). Han kjende det naturleg for seg å vera med i den nasjonale norskdomsfylkinga. Nasjonalromantisk diktning fenga.

Målstandpunktet hans må tidleg ha vore klart. Og dette vart styrka gjennom interessa hans for og arbeidet med folkediktinga. I skuletida vart han bestevenn med Moltke Moe, sonen til

Jørgen Moe. Her fann han ein ånds-
frende å dele vitskaplege interesser
med. Båe var oppslukt av folkedik-
tinga. Og gjennom samtale og boklån
vart Moltke Moe til stor hjelp for Ivar
Mortensson. Men påverknaden gjekk
båe vegar. Det var for eksempel Ivar
Mortensson som gjorde Moltke Moe
målvennleg.

Her kan vi skyte inn at Jørgen Moe i
ettertid har vorte tillagt farskapet til
det moderne bokmålet, rett nok saman
med P.C. Asbjørnsen. I eventyrsamlin-
gane sine skapa dei ein særeigen
munnleg norsk forteljarstil på dansk,
med innsmett av norske ord og ut-
trykk.

Dette var midt på 1800-talet. Da
kom Ivar Aasen med si revolusjonære
løysing, som gjekk ut på å bygge opp
landsmålet, sia kalla nynorsk, som sam-
nemnar for dialektane. Det skulle vera
eit skriftspråk for heile landet, på
norsk folkemåls grunn. Det skulle ha
rot i fortida, samtidig som det skulle
vera eit språk for notida og ein reiskap
for tankane til folk flest. Moltke Moe
kom seinare til å gå inn for samnorsk,
ei samansmelting av dei to skriftmåla,
landsmål og dansk-norsk.

I 1878 gav Christoffer Bruun ut
”*Folkelige Grundtanke*”, eit program-
skrift for den norske grundtvigianis-
men. Dette er omtala som den første
”tankevekkjaren” for Ivar Mortensson.
Motsetnaden mellom landsfolk og
byfolk opptok han, og han kjente ei
moralsk plikt til å rette på dette. Det
som gav håp, tykte han, var folkedik-
tinga, – visene frå Telemark og segner
og eventyr frå Setesdalen.

Etter latin-artium reiste Ivar Mor-
tensson rundt i Sør-Noreg saman med

bror sin og Moltke Moe. Kvar sommar
var han, ein del år, i Telemark. Det vart
både granskarferder og innsamling av
viser og stev, mest i Midt-Telemarks-
bygdene.

Året etter examen artium, gjekk
han i gang med studiene: Først filosofi,
så hebraisk, som førebuing åt teologi-
studiet. Arbeidet hans med folkedik-
tinga fortsette, og her henta han emne
til si eiga diktning. Folkeminnearbeidet
la grunnen til det mystiske livssynet
som vov seg inn i diktninga hans, skriv
Langen, og fortsett: ”*Annleis var det med
målstrevet; med det fylgde det alltid strid, og
målstriden førde Mortensson beint inn i
politikken.*”

Målsaka var ei av dei store sakene i
det nasjonale fridomsarbeidet. ”*Heil
som Mortensson var av lynde, vart han
snart ein av dei mest ihuga målmenne i
hovudstaden*”, skriv Langen. Langen
fortel at i Garborg-boka si skriv Ivar
Mortensson at målsaka var ”*den einaste
fullgreie tanke som fanst i Noreg, for her var
det korkje fusk eller avslag. Hugheilt og
djervt våga her for fyrste gong det norske
folk å reise sitt individuelle merkje, og det
var eit revolusjonært merkje, eit merkje som
preika brot mot tradisjonar og autoritetar og
opna veg for autonomie*”.

Ivar Mortensson såg altså det revolu-
sjonære i arbeidet til Aasen, – ikkje
berre det nasjonalromantiske, som
ettertida har hatt ein tendens til å foku-
sere på. Ved å framheve den nasjonal-
romantiske sida, har ein, sikkert meir
eller mindre ubevisst, ufarliggjort pro-
sjektet til Aasen. Sjølve ideen hans til
landsmålet var jo å gje bygdefolk eit
skriftspråk som bygde på talemålet
deira, slik at dei kunne kjenne seg tryg-
ge på uttrykksmåten.

Dette fall sume embetsmenn og ein del andre som beherska norskdansken, tungt for brystet. Med landsmålet som skriftnorm ville dei jo kunne koma til å misse posisjonen sin som fremste forvaltarar av skriftspråket. Den demokratiske tanken bak målreisinga fall ikkje i like god jord hjå alle. Ivar Mortensson såg at målsaka var politisk sprengstoff.

I utgangspunktet var det inga sjølv-sagt sak at han vart målmann. Målstre- vet hadde opphavet sitt i vestnorske dialektar først og fremst. Men målsaka var kjent utover landet, ikkje minst fordi Olaus Fjørtoft i 1871 hadde sendt, fritt åt alle bondelag i landet, ”*Nokre Or te Bondevennene og Maalmenn*”.

Arbeidet med folkediktinga hadde styrka målmannssida i Ivar Mortens- son. Dei gamle formene og orda skapa høgtid i han. Dessutan fekk han her kjennskap til telemålet, og vart så opp- glødd for det at ein finn fleire merke etter telemål enn etter østerdalsmål i diktinga hans, skriv Langen. Det går t.d. fram av dei eldste songane hans, der det handlar om studenttida i byen. Men når han stundar attende til lands- bygda, kjem kjenslene fram, og ”*rett som det er*,” skriv Langen, ”*kjem ord og vendingar frå barnemålet i Østerdalen*”. Første gongen Garborg møtte Ivar Mortensson, tykte han det var eit sær- syn, skriv Langen: ”... *ein austlandsgut som tala reint landsmål*”.

Det var stor usemje i samtida om landsmålet skulle ligge nær norrønt mål, eller om talespråket skulle be- stemme utsjånaden. Skulle ein legge mest vekt på det historiske, det estetiske eller det praktiske? Skulle ein gå ut frå talemålet i samtida?

Korleis ville Ivar Mortensson ha det? Når han skreiv, var det midlandsnor- malen han helst bruka. Leseboka han gav ut saman med Garborg i 1885, føl- gjer denne, som i hovudsak bygde på målføre frå Vest-Telemark.

Det er likevel merkbart at Ivar Mortensson leita etter ein høveleg nor- mal for ein austlending, og var usikker på korleis han skulle bruke landsmålet. ”*I anarkisttida lagar han sin eigen normal med mange austnorske målmerke og ei meir ortofon (dvs. lydrett) rettskriving enn den vanlege*”, skriv Langen. Slik likna det meir på rettskrivinga til Olaus Fjørtoft, som gjekk inn for at talemålet i sam- tida skulle vera rettesnor for lands- målet, (etter 1929 kalla nynorsk). I ein artikkel i *Årbok for Glåmdalen* for 1943 omtalar Magne Skrede skriftspråket til Ivar Mortensson som ”*eit rikt og klang- reint mål, litt tillempa etter midlandsmålet, men særmerkt og idiomatisk*”.

I 1898 gav Ivar Mortensson ut boka ”*Fridomsvegen. Soga om kongane, folke- makta og sjølvstyret*”, der han har fram- stilt historia i lange drag frå anarkistisk synsvinkel. Boka er skrivi i eventyrstil, på eit dialektfarga folkeleg mål, og med rettskriving etter uttala. Han prøva seg altså fram.

Ivar Mortensson dreiv med opplæ- ring også. Han var lærar i landsmål og gammalnorsk ved Ullmanns målskule for lærarar i Seljord, og han starta mål- skule i Kristiania. Målskule dreiv han på Tynset òg, der sakfører Samuel Johnson sparka i han for ”*sjølgjort kråke- mål*”. Embetsmannen hadde nok ikkje sans for landsmålet til Ivar Mortensson.

Men 6. januar i 1888 skreiv Ivar Mortensson i *Fedraheimen*: ”*Maalsaki*

hev siget jamt fram. Maalkursar er haldne baade paa Aust- og Vestland. Maalet hev voret brukat i Stortinget baade i Skrift og Tale, paa Preikestolen, i Skulen o.s.fr. Umfram dei fire gamle Maalbladi hev eit nytt byrjat, so det no i alt er fem: tvo paa Austlandet, eit paa Sørlandet, eit paa Vestlandet og eit paa Nordlandet. Norsken trengjer meir og meir inn i Danskebladi, sume er halve Maalblad. Ein god Framstøyt hev Saki fenget ved Paabodet fraa Kyrkjedepartementet um, at dei skal lesa Norsk ved alle høgre Skular. – Bjørnson hev og hjelpt oss med sine ilske motlegg og ved beiske Skuldingar til Maalmennene, at dei er "uhederlige Folk" og "Landsforrædere." Sjølv driv han og hans Folk paa med aa gjera Svenskar af oss."

Vi kan stoppe opp litt ved stega hans inn i målarbeidet:

Ivar Mortensson var som student med på starten av Det norske Samlaget, som vart eit samlingsmerke i målarbeidet. Det skjedde alt i 1868.

I åra etter gav han ut fleire skrifter på Samlaget, og storarbeida hans, Edda- og bibelomsetjinga, skjedde, da dei kom seinare, i samarbeid med Samlaget. Men lenge før det, skriv Langen, hadde han teki det tyngste taket i målarbeidet: Frå 1877 til 91 hadde han vore med og halde liv i målavisa Fedraheimen. Her trefte han den eldre og meir livsrøynde Garborg. Garborg var redaktør, og teologistudenten Ivar Mortensson vart fast medarbeidar. Det var gjennom Moltke Moe dei treftest, for Garborg hadde fått hjelp av Moe i 1877 med utforminga av programskriftet "Den nynorske Sprog- og Nationalitetsbevægelse". Garborg hadde peika seg ut som leiar i målmannsflokken.

Fedraheimen vart heile tida eit målblad. Langen skriv at "Her såg Ivar Mortensson si største oppgåve i målarbeidet. Og her stridde han i 13-14 år for målsaka."

"Kva er det me treng?" spør Mortensson i Fedraheimen 13. januar 1888. "Kva er det me treng, for at Maal-saki skal vinna fram paa snøggaste Maaten?" Han går inn for at målfolket må organisere seg lokalt, og dessutan få "eit Yverstyre for heile Landet." Deretter argumenterer han for at "Me maa læra oss til aa skriva so Folk forstaar, at det er det livande Tale-maalet i Bygd og By, som me brukar, og at det ikkje er noko Bakstræv me fær med." "Me maa reinska ut alle Fornleivur elder Antikvitetar utor Former og Bokstaving og skriva so endefram etter det Fleirtalet talar, som det er Raad". Men ikkje berre det. Først og fremst må ein sjå til å få ut skrifter "som er til Nytte og Lærdom og gjev nye Tankar. Det er fyrst naar me vinn i Tevlingi med Dansken i den Ting aa forma gode Tankar elder skildra verkelegt Lik i originale Diktarverk, at me gjer oss fortent til Kongsretten i Landet."

I februar 89 trykkjer Ivar Mortensson ei grundig utgreiing av Fjørtoft om skrivemåten. Det landsmålet han går inn for, er "de same landsmaal, som alle maalmenner til denne ti hev brugt, berre me den skjilnaden, at me skriv de beint fram, som dei vil de skal lesast, og me soleis paa den maaten legg de meir inaat daglegtaalen. Alle bokstavar, som inkje liver i talen lenger, stryk me ut." Stumme konsonantar skal bort: "Soleis skriv me inkje lenger: greid, breid, god, skade; men grei, brei, go, skae; inkje: eg hev kastat, eg hev etet; men eg hev kasta, eg hev ete." Infinitivendinga a gjer han kort prosess med: "So brukar me e i infinitiv i alle gjerningsord."

Fjørtoft polemiserer mot dei som vil ha ein meir historisk skrivemåte. Grunnlærd som han er, er han ikkje god å koma ut for. ”So seier dei, at disse stungne d-ane elder morkne tenner skal staa og syne rota i ora. Paa nynorsk er rota grei, som ho paa gamalnorsk var greid; men vilde ein fylgje denne tanken, so fekk nok landsmaale eit anna skap; me enda fyst i gamalnorsk og sia i de maale som han Adam snakka.” Alle ønskjer vel, skriv han, at landsmålet og talen skal likne kvarandre så mykje som mogleg. ”Men her i landsmaale hev me eit arbei, som gjeng beint imot.” Det danske skriftmålet er konservativt, skriv Fjørtoft. Men ”Naar dansk vart skrivi fyste gong, so skreiv dei, som dei snakka. Daa tok bokfolka maale som de laag fyre og klædde de inkje op i noken gamal buna, som maalmennene hev gjort her heime me landsmaale.”

Synspunkta til Fjørtoft låg til grunn for Ivar Mortensson sitt landsmål i anarkisttida: ”Me skriv paa same Maaten som Fjørtoft.” Om bladet Vestmannen på Sunnmøre skriv han: ”Han fiktar fyr sin reine Politikk (...) Lat honom fikta; me maa aldri vera stridare en me ynskjer kvart Maalblad god Framgang i sin Krins. Lat dei reine stydja ”Vestmannen”, dei radikale ”Fedraheimen”, men dei moderate maa koma hit.”

Framgang for målsaka er høgste ønsket hans. Alle må ta eit tak.

”Ivar Aasen stugar med det gamle”, skriv han. ”Han lagar paa ei Utgreiding um Maalvokstren fraa gamal Tid og um Maalfusket no til Rettleiding fyr Maalfolk. Han skriv det paa norsk. Heider og Heppa med gamle Gubben, vaar største Hovding, som Tidi ikkje vil bita paa. Han er sitt same

det eine Aaret som det andre.”

13. april i 1899 svinga Mortensson pisken over avisene i artikkelen ”Vinstrepressa og maalsaka”. Først og fremst gjeld det *Verdens Gang*, men også andre gler seg over nederlag i målsaker. Tidlegare har VG bruka fagre ord om målsaka, men ”Naar dei lange føle-honna det hadde ute, kjende at det bar lite-grand imot, so slo det av. – Det er ei lette aa verta kvitt slike. Naar ein veit kven ein er og i kva lag ein er, daa arbeider ein best.”

Same året, i *Fedraheimen* 29. mars, skreiv Ivar Mortensson om ”Maalsak og Arbeidarsak”. Samarbeid i småsamfunn og mellom nasjonar må til. ”... alle vil faa det betre den Dagen me lærer aa forstaa, at Samarbeie er nyttelegare enn Krig.” Dyrking av det nasjonale kan føre gale av stad, så det åtvarar han mot. ”Me Maalmenn fær ikkje med aa ala upp ein kunstig Nasjonalitet. Men me seier: det fell oss lettast aa bruke Landsmaale, me finn der dei snøggaste og greiaste Vendingar for Tanken vaar. (...) me vil ha same Retten som andre til aa skrivi det Maale som me talar.”

Mortensson er oppteken av at det er ingen motsetnad mellom det å vera målmann og norskdomsman og det å vera internasjonalt innstilt: Med landsmål som opplæringsmål, vil ungdommen ”bli meir heilvaksen og aandeleg sjølvstendig”, dessutan vil dei spare tid, slik at dei kan lære seg ”eit Kulturmaal (Engelsk, Fransk eller Tysk), so at Bygdemannen vil kunne (...) bli aandeleg Borgar i eit større Samfund, uta at han treng aa vende seg til Millomhandlaren (Dansken), som baade gjer Kunnskapen dyrare og let dei friske tankar mugne i Kjellaren, fyrr vara blir sende ut paa Bygdene.”

Ivar Mortensson kunne vera kvass og rett på sak. Men sume gonger var han mildare i tonen og sakleg, og forklarte og la ut. Slik var det t.d. da skriftforma av bygdenamnet Alvdal var diskutert i *Østerdølen*. Han syner alternativa og drøftar dei, og skriv at folk må få god tid på seg. Han går forsiktig fram, men røpar seg: *"Skulde eg velja, vilde eg helst taka formi "Alvdal"*.

Andre gonger var han illsint og spydig og tok motstandarane med rota, hoggram som han var.

Bjørnson var ein av desse motstandarane. I 1889 gjekk det hardt for seg mellom målmenn og riksmålstilhengarar. Bjørnson reiste rundt og heldt foredrag. Ivar Mortensson fann ut at han og måtte i veg. Han laga eit praktisk program for målarbeidet, og om hausten la han ut på langferd. Han reiste først til Vest-Agder, og våren 1900 var han i Gudbrandsdalen og Trøndelag, på Nord-Møre og i Romsdalen. Han bar seg på at i Trondheim hadde Bjørnson vore til gagns og vaska byen *"rein for alle nasjonale sansar"*. Og så her som Ivar Mortensson nokre år tidlegare hadde møtt slik forståing og velvilje. *"– dei forsto baade maale mitt og tankarne mine so godt."*

Tilhengarane av norsk-dansken fekk ein mektig førar i Bjørnson. Etter som landsmålet vann fram i mange skulekretsar i landet, mobiliserte motstandarane, og ordskiftet var kvast. *Østerdølen*, som kom ut på Tynset, var stort sett på norsk-dansk eller riksmål. Der kom det mange innlegg i samband med språkspørsmålet. Mortensson og Bjørnson rauk i hop, og andre kom med sitt syn. Ein som skreiv under som *"Maalven"*, harsjelerte på dialekt over

målfolket, og særleg over Ivar Mortensson.

Meiningane var sterke. Etter 1905 sto fløyene steilt mot kvarandre. I *Østerdølen* for 1908 er det mange referat frå riksmålsmøta som Bjørnson heldt rundt om i bygdene. Og folk strømte til og lytta. Vang på Hedemarken t.d. var ein stad med stort frammøte. 900 hørte på han, der han tordna mot landsmålet.

Ivar Mortensson rista opp redaksjonen i *Østerdølen* fordi han tykte bladet stødde Bjørnson. Det han sjølv og målfolket ville, var å gjennomføre likestilling for landsmålet med riksmålet. *"Dette arbeidet kalla motstandarane "Maalfanatisme"*", skriv han, *"og bladet sluttar seg til Bjørnson, som i sit radikale Bakstræv vil rive ned alt som hev vore gjort i 24 aar til å byggje upp Likestilling og dermed skapar Fred millom tvo store Flokkar."* Han skuldar bladstyret for å stø ned-rivingsarbeidet, og hevdar dei ikkje *"agtar Nynorsken eller Landsmaalet som noko Kulturmaal."* *"Saart er slikt å høyre, aller mest der som ein mindst venta det"*, sluttar han.

Strid rundt Ivar Mortensson vart det og i samband med diktinga hans. I 1899 sende han inn skodespelet *"Varg i veum"* da det vart lyst ut ein pris på 1000 kr til den som skreiv det beste folkeskodespelet på landsmål. Han fekk ikkje prisen, men sende stykket til nasjonalteateret. Der oppsto det ein prinsipiell strid om målformene. Teatersjef Bjørn Bjørnson av slo, men gav det ros. Han sa at dei kunne nok ha sett det opp, *"hvis ikke Sproget havde lagt uovervindelige Hindringer i Veien"*, fortel Langen.

Dette vekte rabalder. I Kristiania-pressa skreiv meir målvenlege at eit nasjonal-teater skulle jamstille dei to målformene i landet. *Dagbladet* var først på Mortensson si side. Men *Morgenbladet* gjekk imot. *Verdens Gang* intervjuar teatersjef Bjørn Bjørnson, som forkasta skodespelet: "ikke fordi det er skrevet paa Landsmaal, men fordi dets Sprogform er saa archaiserende eller lagt saa nær op under Gammelnorsk at det verken vil forstaaes af Skuespillere eller Publikum." *Dagbladet* bøygde da av. Det var bortkasta "at reise en sprogpolitisk Strid ved Nationalteateret."

Men "*Varg i veum*" gjorde Ivar Mortensson for første gong – "og på ein måte også siste – gong ålment godkjend som diktar", skriv Langen. Målfolk såg på det som det store skodespelet i mållitteraturen. Når dei eingong skulle få sitt eige teater, så skulle "*Varg i veum*" settast opp først. Det hører med til historia at det vart ein stor suksess da stykket vart framført som amatørforestilling under Håballvaka på Lillehammer i 1908, med Ivar Mortensson sjølv og fru Karen Mortensson i store roller.

To brev, trykt i *Østerdølen* 22. juni 1908, syner at Ivar Mortensson 29. mai har sendt Bjørnstjerne Bjørnson ei, tilsynelatande høfleg, men klart utspekulert, innbyding til Håballvaka: "Hr. Bjørnstjerne Bjørnson! Det norske gilde paa Veslahamar (...) som hev til fyremaal aa fremja norsk kulturvokster or heimleg rot og serleg samlar seg um Maihaugen og haabalsvaka der, og hev sine lovar baade paa riksmaal og landsmaal, vilde halda det for ei stor høgtid, um Bjørnstjerne Bjørnson kunne vera med no fyrste gongen me held denne stemna og tala til os um norsk liv i gamle dagar." Han fortel kva program-

met skal gå ut på, og avsluttar: "Med stor vyrdnad. Ivar Mortensson, formann i det norske gilde."

Svaret som kom, og er dagsett i Paris alt 3. juni, er ei lengre utgreiing om at dette vil ikkje Bjørnson vera med på: "Under almindelige Omstændigheder var jeg gjerne med paa et historisk Stevne. Men i disse Kamptider vet vi jo, hvad "kulturvokster or heimleg rot vil si". "Verken direkte eller indirekte tør jeg være med på at støtte saadant," sluttar han. "Men jeg er likefult taknæmlig for henvendelsen. Det er bra, at Sæderne efterhaanden gir Plads for Venlighed og Omgjængelighed."

Slik desse to var i tottane på kvarandre, kan ikkje dette vera anna enn ironisk meint. – Dei reiv ikkje rumpa av kvarandre, dei to-karane!

I 1911 syntte Hulda Garborg og spelaget hennar fram "*Varg i veum*" på turné vest og aust i landet og i Trøndelag. Og 1. september i 1915 kom det opp på "*Det norske teateret*". Edvard Drabløs opna med dette stykket da han vart sjef. Riksmålsfolk gjorde narr, men sume gledde seg òg, og såg verdi i det. Men det var i ei tid da mange av Kristiania-avisene motarbeidde "*maalltheateret*".

Dei som hadde hørt talaren Ivar Mortensson, gløymte det visst aldri, for han gjorde så sterkt inntrykk. Han må ha hatt ei særleg evne til å ordlegge seg treffsikkert, og stridslysten og ordhag som han var, må berre det å høre på han, ha hatt stor underhaldningsverdi, kor ein var samd med han eller ikkje.

Trygve Gjelten har skildra talaren i *Årbok for Glåmdalen* for 1941. Ivar Mortensson "skreiv vers og bøker og tala eit mål som ikkje var vanleg å tala den gongen," skriv Gjelten. Andre nord-

østerdøler skal ha sagt at det var ikkje alle ord dei forsto av landsmålet til Mortensson, men det var ei oppleving likevel, slik han framførte det han hadde på hjarta. Gjelten hørte Mortensson preike i Alvdalskyrkja stutt etter prestevigselen hans som 50-åring. ”*Logn og god stod han på preikestolen, og klåre og varme fall orda i eit klingande norsk mål.*” Han skriv at det var så underleg mot det dei var vant å høre.

Gjelten fortel vidare at enno, i ein alder av meir enn 70, trollbatt Ivar Mortensson tilhørarane sine: ”*Det lik-som spraka og sprang gneistar av han der han stod, inspirert og varm. Og målet klang lett og ledig og heimsleg.*”

Når Alvdal alt i 1910 hadde tre nynorsk-kretsar, og ca. 20 år etter, hadde innført nynorsk i alle, så er det klart at Ivar Mortensson hadde aksjar i det. Det same gjeld Folldalen og dei andre kretsane i Nord-Østerdalen som fekk nynorsk.

I seinare år er vel Ivar Mortensson Egnund best hugsa for *Flaumen går* og for Edda-gjendiktinga si. *Dølavisa* vart songdans til steg av Klara Semb, så den har folkedansmiljøet i Norges Ungdomslag teke vare på. *Voluspå*, *Trymskvida* og *Håvamål* har vore lærestoff for skuleungdom.

No til dags kan vel Ivar Mortensson Egnund sin versjon tykkjast krevjande for mange, så nyare omdiktingar får overta i læreverka.

Levereglane i *Håvamål*-strofene blir kanskje meir tilgjengelege for dagens ungdom slik t.d. Ludvig Holm-Olsen har gjendikta dei:

23 *Uklok mann
ligger alltid våken
og tenker på mange ting;
da er han trøtt
når dagen kommer,
alt er i ulag som før.*

Ivar Mortensson Egnund gav att denne strofa slik:

*Vitlaus mann
vaker all natti
tenkjer både opp og ut.
Han er trøytt og mod
Når morgonen kjem,
Og alt er flokut som før,*

Holm-Olsen har kledd levereglane i ei moderne bokmålsdrakt. Men den hoggande rytmen og musikken i bokstavrima har ein annan klang i gjendiktinga til Ivar Mortensson Egnund. Eitt og anna ordet i strofene kan vera vanskeleg å forstå, men kva gjer vel det!

12 *Inkje så godt
som godt dei seier
er øl for manne-ætt.
Di meir du drikk,
Di mindre vit
Mun du i hausen hava.*


Kanskje er nettopp den aldervore forma avgjerande for opplevinga vår? Kanskje merkar vi noe av den høgtida han sjølv tykte han møtte i folkediktinga, med gamle former og ord?

Det er iallfall gjendiktinga til Ivar Mortensson Egnund folk tyr til når dei svingar seg til store høgder i minneord skriftleg og muntleg:

76 *Døyr fe;
døyr frendar;
døyr sjølv det same.
Men ordet om deg
aldri døyr
vinn du eit gjetord gjævt.*

Ingeborg Donali,
7374 Røros
ingedon@online.no

*Kjelder:
Aschehougs konversasjonsleksikon. Oslo 1974
Edda-kvede. Norrøne bokverk 21. Oslo 1964
Fedraheimen
Klaus Langen: Ivar Mortensson Egnund. Oslo
1957
Magne Skrede: Ivar Mortensson Egnund og
Olav Aukrust.
Årbok for Glåmdalen 1943
Om runer og rim frå Rendalen til Røros.
Tynset historie- og museumslag 1979
Trygve Gjelten: Ivar Mortensson Egnund.
Årbok for Glåmdalen 1941
Østerdølen*



OS KOMMUNE

2550 OS | ØSTERDALEN

RØROS
mat fra Røros-traktene

